

Til elevar og føresette

Tid for vaksinasjon mot HPV (humant papillomavirus)

Vaksine mot humant papillomavirus (HPV) er eit tilbod til elevar i 7. klassetrinn. Føremålet er å førebyggje kreft som er forårsaka av viruset. HPV smittar lett ved seksuell kontakt, og dei aller fleste får ein HPV-infeksjon i løpet av livet.

HPV-vaksine verkar førebyggjande. Vaksinen gir derfor best vern når den blir gitt til barn/unge før dei blir utsette for smitte. Derfor får barn tilbod om HPV-vaksine som ein del av barnevaksinasjonsprogrammet i 7. klassetrinn, i god tid før gjennomsnittleg seksuell debut.

I dei fleste tilfella går ein HPV- infeksjon over av seg sjølv i løpet av nokre månader. Av og til kan viruset likevel gi ein langvarig infeksjon, som i sjeldne tilfelle kan føre til forstadium til kreft og kreft. Den vanlegaste kreftforma som er forårsaka av HPV, er livmorhalskreft. HPV kan føre til kreft i ende-tarmen (anus), munnen og svelget, i tillegg til kreft i skjeden og dei ytre kjønnsorgana og på penisen. HPV-vaksinen kan verne mot desse kreftformene.

Om vaksinen

HPV-vaksinen blir sett i overarmen og blir gitt som to dosar med minst seks månaders intervall. Det finnast fleire vaksinar mot HPV og beskyttelsen de gir mot kreft reknast som likeverdig. Vaksinen som brukast i det norske barnevaksinasjonsprogrammet heiter Cervarix. Vaksinar kan, som alle legemiddel, gi biverknader. Dei vanlegaste biverknadene av HPV-vaksine er hevelse og raud hud der vaksinen er sett. Det er også rapportert om kortvarig feber, hovudverk, trøytteik, kvalme, oppkast, diaré og magesmerter. Det er ikkje vist at HPV-vaksine er årsak til kronisk eller alvorleg sjukdom eller aukar risikoen for dette. Symptom som oppstår etter vaksinasjonen, treng ikkje vere ein reaksjon på vaksinen, men kan vere teikn på sjukdom som bør behandlast. Kontakt derfor lege dersom du er bekymra.

All vaksinasjon i barnevaksinasjonsprogrammet er frivillig. Foreldra skal leggje vekt på kva barna vil. Les meir om vaksinen, korleis vaksinasjonen blir gjennomført og om effekten av vaksinen og eventuelle biverknader på nettsida: www.fhi.no/vaksine-mot-hpv

Husk å informere helsesjukepleiar

Gi beskjed om barnet har immunsvikt eller bruker medisinar som påverkar immunforsvaret. Gi også beskjed om barnet har allergi eller har reagert allergisk på medisinar eller tidlegare vaksinar. Viss barnet får allergivaksine (hyposensibilisering) eller annan vaksine mindre enn ei veke før eller etter HPV-vaksinen, gi beskjed til helsesjukepleiar. Meir informasjon finst på nettsida: <https://www.fhi.no/om-bvp>

Andre dose blir vanlegvis gitt minst seks månader etter den første dosen. Samtykke omfattar begge dosane. Helsesjukepleiar vil gi nærmare beskjed om når den andre dosen skal takas. Dersom det skulle oppstå endringar i barnet si helsetilstand eller andre grunnar til å ikkje gi andre dose, gi beskjed til helsesjukepleiar.